

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 17.11.2009
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hans Stenby
Saka gjeld: **Bruk av korridor plassar i Helse Stavanger**

Styresak 106/09 O

Styremøte 02.12. 2009

Administrerende direktør si orientering pkt 1

Rapport frå veke 46 syner et gjennomsnitt på 21 korridorpatientar innan somatikk. Ser ein på dei siste 15 vekene har talet låge om lag på same nivå, dvs omkring 20 plasser i snitt pr veke.

Det er liten og sjeldan bruk av korridor plassar i psykisk helsevern. Det er ikkje nytta dei siste 7 vekene.

Talet på pasientar som er plassert på andre einingar i sjukehuset enn den dei høyrer til opphavleg varierar frå 2 til 9 i snitt pr veke dei siste 15 vekene. I veke 46 var snittet 5,7.

I veke 46 var det gjennomsnittleg 44 pasientar i pasienthotellet. I dei siste 15 vekene har det i snitt vore litt i overkant av 40 pasientar.

I veke 46 var det i gjennomsnitt 19 pasientar som har venta meir enn 10 dagar på kommunalt tilbod innan somatikk og 20 pasientar innan psykisk helsevern.

Dersom ein ser talet på korridorpatientar i eit lengre perspektiv er det ei klar betring frå om lag 40 i gjennomsnitt pr veke til no om lag 20. Det verker å ha stabilisert seg på dette nivået no. Det er såleis viktig at Helse Stavanger fortsett arbeider for å redusera talet på korridorpatientar.

Når det gjeld bruk av pasienthotellet er talet på pasientar fortsett lågt og Helse Stavanger må halde fram arbeidet med å auke bruken av pasienthotellet.